



Referanser: KM 5/23, KM 7/24, KR 70/24, KR 26/25

Arkivsak: 25/00376-2

Saksdokumenter:

Regelspeil - styringsteneste

Regulering av styringstenesta i Den norske kyrkja, tilhøvet mellom prestetenesta og verksemda til soknerådet med vidare

Samandrag

Kyrkjerådet føreslår at Kyrkjemøtet vedtek ei ny føresegns i kyrkjeordninga, som stadfestar den demokratiske styringa av Den norske kyrkja, og at dei som har kyrkjelege verv, utgjer styringstenesta i kyrkja. Kyrkjerådet føreslår òg å stadfeste prinsippet om at kyrkjelege styringsorgan speglar at kyrkjeleg styring skjer i eit samvirke mellom valde representantar for kyrkjelyden og tenesta med Ord og sakrament.

Kyrkjerådet føreslår endringar i prestane si tenesteordning for å gjera det tydeleg at prestar som arbeider i soknet, blir forplikta på dei planane og prioriteringane som soknerådet fastset. Vidare inneheld føreslaget ei endring i omtalen av samordninga mellom sokneprest og anna verksemd i soknet.

Forsлага har som føremål å styrke dei valde råda som styringsorgan. Ingen av endringane inneber større realitetsendringar, men klargjer gjeldande rett.

Kyrkjerådet føreslår vidare at Kyrkjemøtet vedtek endringar i regler for val av Kirkerådet og anna regelverk om suppleringsval ved uttrede og at suppleringsval kan gjennomførast som avtaleval. Intensjonen i dette forslaget er å sikra at fordelinga mellom dei ulike grupperingane i Kyrkjerådet vert oppretthalde ved endringar i perioden.

Forslag til vedtak

- 1 Kyrkjerådet tilrår at Kyrkjemøtet gjer følgjande vedtak:
- 2
- 3

4
5 I kirkeordning for Den norske kirke blir følgjande endringar gjort:
6

7 § 29 annet ledd skal lyde:

8
9 Reglene i § 10 *første til femte ledd* gjelder tilsvarende for Kirkerådet.
10

11 Ny § 36 a under *Kapittel 6. Forskjellige bestemmelser* skal lyde:
12

13 **§ 36 a. Kirkens styringstjeneste**

14 *Den norske kirke styres av demokratiske organer på alle nivå i et
15 samvirke mellom valgte representanter for og blant kirkens
16 medlemmer og representanter for tjenesten med Ord og sakrament.*

17
18 *De som er medlemmer av styringsorganer i Den norske kirke, utgjør
19 kirkens styringstjeneste.*

20 **II**

21
22 I tjenesteordning med kvalifikasjonskrav for menighetsprester blir følgjande
23 endringar gjort:

24 § 2 første og nytt andre ledd skal lyde:

25 § 2. Presten skal forvalte Ord og sakrament slik at kristen tro og
26 kristent liv fremmes i menighetene ved å

- 27 a) holde forordnede gudstjenester og forrette kirkelige handlinger,
28 b) utføre dåps- og konfirmasjonsopplæring,
29 c) utøve sjelesorg og veiledning, gå med dødsbud, reise i soknebud
30 og også ellers besøke syke og
31 d) utføre forkynnerarbeid og *annet* menighetsbyggende arbeid.

32
33 *Presten er forpliktet på de planer og prioriteringer menighetsrådet
34 fastsetter innenfor rammen av de gjøremålene som er nevnt i første
35 ledd.*

36 Gjeldande andre til fjerde ledd blir nytt tredje til femte ledd.

37
38 § 10 andre ledd skal lyde:

39 Soknepresten leder prestetjenesten i det eller de sokn denne har som
40 sitt særskilte arbeidsområde og sørger for den nødvendige samordning
41 med *menighetens øvrige virksomhet*. I forvaltningen av Ord og
42 sakrament utøver alle menighetsprester et pastoralt lederansvar og
43 bidrar til strategisk og åndelig ledelse i og av menigheten.
44

45 **III**

46
47 I regler for valg av Kirkerådet blir følgjande endringar gjort:

48
49 § 5-4 annet til fjerde ledd skal lyde:

51 Ved nyvalg i valgperioden kan Kirkemøtet med 2/3 flertall vedta at valg
52 av de leke medlemmene og varamedlemmene til Kirkerådet, utenom
53 leder, skal foregå som avtalevalg. Valgkomiteen ber Kirkemøtets
54 medlemmer om å fremme forslag til kandidater til flertallsvalg innen en
55 frist.
56

57 *Ved suppleringsvalg i valgperioden kan Kirkemøtet med 2/3 flertall
58 vedta at valg av de leke medlemmene og varamedlemmene til
59 Kirkerådet, utenom leder, skal foregå som avtalevalg. Valgkomiteen
60 ber Kirkemøtets medlemmer om å fremme forslag til kandidater til
61 flertallsvalg innen en frist.*

62 Ved suppleringsvalg i valgperioden til flertallsvalg skal valgkomiteen
63 fremme forslag på en til to kandidater til den plassen som står ubesatt.
64 Gjelder det valg av prest eller lek kirkelig tilsatt, anses alle prester og
65 leke kirkelig tilsatte å være kandidater, jf. § 4-1 tredje ledd.
66

67 § 5-4 femte ledd blir oppheva.
68

69 Ny § 5-5 skal lyde:
70

71 **§ 5-5. Opprykk ved uttreden**

72 *Hvis medlemmer av Kirkerådet trer endelig ut, og de er valgt ved
73 flertallsvalg, skal varamedlemmer tre inn i den nummerorden de er
74 valgt. Hvis medlemmer av Kirkerådet trer endelig ut, og de er valgt
75 ved avtalevalg, skal det velges et nytt medlem på Kirkemøtets neste
76 samling. Tilsvarende gjelder for varamedlemmer.*

77 Gjeldande §§ 5-5 og 5-6 blir ny §§ 5-6 og 5-7.
78

79 **IV**

80 Endringane i I og III trer i kraft straks. Endringane i II trer i kraft fra 1. januar 2026.
81

Saksorientering

1 Regulering av styringstenesta

Innleiing

I 2023 handsama Kyrkjemøtet saka *Folkevalgte som kirkelig styringstjeneste, biskopens tilsyn og ledelse, og ordning for daglig ledelse* (KM 5/23). Her heiter det i vedtaket:

Kirkelige verv stadfestes som en kirkelig styringstjeneste.

Kirkemøtet ber om å få en sak til behandling i 2024 om ansvar og vilkår for folkevalgte og deres valgte ledere, styrking av bispedømmerådet som strategisk organ og styrking av menighetsrådets rolle.

I 2024 følgde Kyrkjemøtet opp dette vedtaket med saka *Organisasjonsutvikling – folkevalde, soknerådet og bispedømmerådet* (KM 7/24) og gjorde da mellom anna følgjande vedtak:

Trussamfunnet Den norske kyrkja er styrt av demokratiske organ på alle nivå. Dette har både teologiske og historiske årsaker. Kyrkjemøtet bed Kyrkjerådet om å legge fram forslag om ei føresegn i kyrkjeordninga som stadfestar at rådsorgana i kyrkja utgjer ei særleg styringsteneste.

Utgangspunktet for vedtakspunktet frå 2023 om kyrkjeleg styringsteneste er ei utgreiing om demokratiet som styreform i kyrkja.

Eit utval leverte utgreiinga *Demokratiets grunnlag og folkevalgtes rolle i Den norske kirke* (etter dette kalla demokratiutgreiinga) 28. januar 2022. Utgreiinga drøfter det teologiske og prinsipielle grunnlaget for demokratiske organ i Den norske kyrkja og kjem med vurderingar og forslag til tiltak for å styrke rolla til valde medlemer av kyrkjelege råd.

I oktober 2024 sende Kyrkjerådet på høyring forslag om *Regulering av styringstenesta i Den norske kyrkja i kyrkjeordninga og tilhøvet mellom prestetenesta og verksemda til soknerådet mv.* Forsлага følgjer opp vedtaka frå Kyrkjemøtet 2023 og 2024.

Høyringa blei sendt til sentrale aktørar og organ i kyrkja samt et utval sokneråd og kyrkjelege fellesråd. Det kom 134 svar på høyringa. Flest svar kom frå sokneråd (54) og fellesråd (26). Det kom også svar frå alle bispedømmeråda, fagforeiningar og andre organisasjonar.

Før saka vart lagt fram for Kyrkjerådet, vart ho òg drøfta av programstyret for organisasjonsutvikling. Saka vart òg lagt fram for den nasjonale referansegruppa av tillitsvalde, men på grunn av sein utsending, vart ho berre tatt til orientering.

Demokratiske styringsorgan

Demokratiutgreiinga har bidratt til å identifisere kva som er grunnlaget for demokratiet som kyrkjeleg styringsform, og korleis denne styringsforma kjem til uttrykk. Utgangspunktet er at det er kyrkjelyden som grunneininga i kyrkja, der ansvaret for kyrkja sitt grunnleggjande oppdrag ligg. Ansvaret for dette oppdraget kviler på heile kyrkjelyden. Samstundes er det skipa ei særleg teneste med Ord og sakrament (tidlegare kalla det kyrkjelege embetet) som er nødvendig for oppdraget til kyrkja. Som eit uttrykk for dette har Den norske kyrkja etablert ein praksis med at styringsansvaret blir utøvd i demokratisk valde organ, i eit samvirke mellom valde representantar for kyrkjelyden og dei som er berarar av tenesta med Ord og

sakrament. Modellen blei framstilt og stadfesta i eit programmatisk vedtak i det fyrste Kyrkjemøtet i 1984:

Kirkens ledelse fremstår i et samvirke mellom dem som representerer menighetens leke medlemmer og dem som har fått seg overdratt det kirkelige embete. Det er menighetens valg av sine ansvarlige ledere i rådsorganene, og kirkens kall og oppdrag til embetsbærerne, som uttrykker at hele kirken bærer ansvar for kirkestyret og kirkens ordninger» (sak KM 05/84 pkt. 1)

Seinare blei modellen utdjupa i utgreiinga *Kirkens embete og råd* frå 1987, og han er etter det vidareutvikla i takt med den generelle utviklinga i kyrkja. Grunnprinsippet om at styring i Den norske kyrkja skjer i eit samvirke mellom valde representantar for kyrkjelyden og representantar for tenesta med Ord og sakrament ligg likevel fast, og er eit særtrekk for kyrkjedemokratiet i høve til demokratiske styringsorgan elles i samfunnet.

Demokratiutgreiinga bruker gjennomgåande omgrepet «styring» i skildringa av mynde og myndeorgan i kyrkja. Utgreiinga går i liten grad inn i innhaldet i omgrepet «styring», men avgrensar det mot omgrepet «leiing», som er noko vidare (s. 44):

Fremdeles vil styring knyttes til en sentral indirekte påvirkning, som utøves gjennom formelle strukturer og prosedyrer samt ved planer og budsjetter. Ledelse vil forstås mer som desentralisert, relasjonell dialogbasert påvirkning, utøvd i forholdet mellom leder og medarbeider.

Kyrkjemøtevedtaket føreset også at dei valde råda er strategiorgan. Strategi tyder i stor grad vurderingar og vedtak som handlar om kor og korleis ein skal sette inn ressursar (personale, utstyr og innsats). Dei ulike styringsorgana har eit strategisk ansvar på sine nivå og for dei ressursane dei forvaltar

Det er organet kollektivt som styrer, og dei som har ei styringsteneste, gjer denne tenesta i kraft av å sitte i organet, og berre innanfor ramma av organet.

Styringstenesta i kyrkja

Mellom dei ulike tenestene som går ut frå kyrkjelyden, er altså også ei som inneber å ta ansvar for styringsoppgåver. Ei slik styringsteneste, som blir utøvd i ramma av ein demokratisk styreform, avgrensar seg slik frå på den eine sida frivillig arbeid i kyrkjelyden eller i ulike kyrkjelege tiltak, og på den andre sida dei som er tilsette i kyrkja på ulike plan. Dei valde medlemene i rådet gjer tenesta som representantar for fellesskapen. Etter den gjeldande kyrkjeordninga er alle medlemer dessutan pliktige til å ta imot val til sokneråd og til bispedømeråd og Kyrkjemøtet, dersom dei ikkje har fått særleg fritak. Vervet som folkevald medlem av eit kyrkjeleg råd er personleg, sjølv om utøvinga av vervet/tenesta skjer i rådet som organ. Råda som organ er forplikta til å utføre arbeidet sitt i lojalitet mot læregrunnlaget til Den norske kyrkja, jf. kyrkjeordninga § 37. Når biskopen har tilsyn med råda, betyr det dermed rådet som organ og ikkje den einskilde medlemen av rådet. Representantane

for tenesta med Ord og sakrament har på si side ei særleg og personleg lærerforplikting og eit særleg ansvar for å opplyse i lærespørsmål og for generelt å løfte fram teologiske perspektiv i diskusjonane i organet. Kvar einskild av dei valde medlemmene har likevel også ansvar for å halde seg til organet si lojalitetsplikt. Slik kan ein seie at rolla som vald medlem av eit kyrkjeleg organ skil seg ut som ein eigen kategori teneste i Den norske kyrkja, ulik både frivillig teneste som den einskilde kyrkjemedlemen gjer, og tenesta til tilsette medarbeidarar. På grunnlag av kyrkjeordninga, som føreset ei demokratisk styring av kyrkja, er styringstenesta ei nødvendig teneste i Den norske kyrkja. Den innsatsen som den einskilde rådsmedlemen gjer, er nødvendig for styringa av kyrkja både lokalt, regionalt og nasjonalt.

Som nemnd i innleiinga har Kyrkjemøtet vedteke at styringstenesta skal stadfestast i kyrkjeordninga.

Kyrkjerådet foreslo i høyringa følgjande ordlyd:

Kirkens styringstjeneste

De som er valgt til å sitte i styringsorganer i Den norske kirke, inngår i kirkens styringstjeneste

Styring av Den norske kirke skjer på alle nivå i et samvirke mellom valgte representanter for og blant kirkens medlemmer og representanter for tjenesten med Ord og sakrament.

Høyringa

Av dei 134 svara som kom inn var 116 positive til at styringstenesta skulle bli teke inn i kyrkjeordninga. Fleire trekk fram at det er naturleg og ynskjeleg å tydeleggjera soknerådet og dei andre råda si rolle i styringa av kyrkja og løfte fram den særlege tenesta i desse råda.

Motstanden mot å ta dette inn i kyrkjeordninga kom i all hovudsak frå prestar og privatpersonar i tillegg til Fagforbundet teoLOgene.

Når det gjeld formuleringa som Kyrkjerådet har føreslått er det noko større motstand, om lag en tredel. Dette gjeld særleg i svara frå Hovedorganisasjonen KA og eit fleirtal av fellesråda. Her kjem det òg forslag på ei anna formulering:

Den norske kirke styres av demokratiske organer på alle nivå, og utøves i et samvirke mellom valgte representanter for og blant kirkens medlemmer og representanter for tjenesten med Ord og sakrament.

De som er medlemmer av styringsorganer i Den norske kirke, utgjør kirkens styringstjeneste.

Hovedorganisasjonen KA, med støtte frå fleire fellesråd, meiner dette gir ein sterkare anerkjenning av kyrkjas demokratiske styringsstruktur og at den varetok kyrkjemøtet si formulering om dei demokratiske organa på en betre måte.

Kyrkjerådets vurdering og forslag

Kyrkjerådet ønsker å følge opp vedtaket fra Kyrkjemøtet i 2024. Dei fleste høyringssvara støttar forslaget om å ta dette inn i kyrkjeordninga som ei ny føresegna. Kyrkjerådet foreslår at denne føresegna blir plassert i ein eigen paragraf først i kapittel 6, i forkant av føresegner om lojalitetsplikten til kyrkjelege møte og råd.

Samvirkeprinsippet vert også nedfelt i denne føresegna.

Kyrkjerådet merkar seg at fleire ønsker ei anna ordlyd i føresegna enn den som vart sendt på høyring. Kyrkjerådet meiner at det ikkje er noko anna meiningsinnhald i den formuleringa som mellom anna KA ønsker.

Kyrkjerådet har endra forslaget slik at det tek omsyn til fleire av dei innspela som kom inn i høyringa samstundes som det varetek dei vurderingane Kyrkjerådet gjorde i saka.

Det nye forslaget vil då lyda:

Den norske kirke styres av demokratiske organer på alle nivå i et samvirke mellom valgte representanter for og blant kirkens medlemmer og representanter for tjenesten med Ord og sakrament.

De som er medlemmer av styringsorganer i Den norske kirke, utgjør kirkens styringstjeneste.

Kyrkjerådet tilrår at endringane trer i kraft straks.

2 Tilhøvet mellom prestane og soknerådet

Kyrkjemøtet har vedteke at ei styrking av soknerådet kan skje mellom anna gjennom at prestetenesta i større grad bli integrert i verksemda til soknerådet. Kyrkjerådet foreslår at *tjenesteordning med kvalifikasjonskrav for menighetsprester* får ei ny føresegna som stadfestar at prestetenesta er forpliktta på dei planane og prioriteringane som soknerådet fastset.

Som eit ledd i å styrke soknerådet som styringsorgan vedtok Kyrkjemøtet i 2022 som ei føring at:

Menighetsrådets rolle skal styrkes, herunder ved tilsettinger og ved at ansatte som arbeider i soknet, er forpliktet på menighetsrådets planer (KM 10/22).

Kyrkjemøtet følgde i 2024 opp dette vedtaket, og vedtok følgjande:

Kyrkjemøtet vil styrke soknerådets rolle som styringsorgan for soknet og bed Kyrkjerådet om å legge fram forslag om endringar i regelverket slik at:

(...) prestar som arbeider i soknet, blir forplikta på dei planane og prioriteringane som soknerådet fastset, på lik line med dei tilsette som har soknet som arbeidsgivar (KM 7/24)

I dag er innhaldet i prestetenesta regulert i *tjenesteordning med kvalifikasjonskrav for menighetsprester*, som gir ei nokså konkret og utfyllande skildring av arbeidsoppgåvene til prestane.

Prestetenesta er organisert under leiing av prosten og biskopen. Kvart sokn skal ha prestebetening. Presten skal halde forordna gudstenester og forrette kyrkjelege handlingar, utføre dåps- og konfirmasjonsopplæring, drive sjelesorg og utføre anna forkynnadarbeid og kyrkjelydsbyggjande arbeid i samarbeid med soknerådet.

Oppgåvene til presten samsvarar slik langt på veg med ansvarsområdet til soknerådet. I praksis vil prestetenesta og soknerådets verksemd også dei aller fleste stader vere integrert i kvarandre på ein saumlaus måte, men prestane har ein annan arbeidsgivar enn dei andre som arbeider i soknet, noko som gir eit stadig behov for samordning. Dette skiljet har historiske årsaker og er også synleg gjennom at prestane har ein annan arbeidsgivar enn dei andre som arbeider i soknet.

Det er ikkje gitt signal om noka grunnleggjande endring i tilhøvet mellom prestetenesta og verksemda til soknerådet, men som eit ledd i å styrke og synleggjere soknerådet som styringsorganet for soknet, har Kyrkjemøtet tidlegare vedteke at prestar som arbeider i soknet, blir forplikta på dei planane og prioriteringane som soknerådet fastset, på lik line med dei tilsette som har soknet som arbeidsgivar. Tilhøvet til dei kyrkjelege fellesråda vert heller ikkje endra. Føreslaget gjer ikkje sokneråda eller dei kyrkjelege fellesråda større rett til å gipe inn i utøvinga av arbeidsgjevarrolla som ligg hos prosten og biskopen.

Kyrkjerådet føreslo i høyningsnotatet å leggje til ei ny føresegnsom eit nytt andre ledd i tenesteordninga, som slår fast at prestane er forplikta på dei planane og prioriteringane som soknerådet fastset. Då vil integreringa av prestetenesta i den heilskaplege verksemda i soknet også bli regelfesta.

Ei slik føresegns betyr ikkje at prestane og prestetenesta fullt ut skal innordnast i styringa til soknerådet. Alle dei vigsle tenestene har eit visst sjølvstendig preg, mellom anna med grunnlag i tenesteordninga for tenestene. Soknerådet er bunde til å utnytte dei personalressursane som finst hos dei som er i vigsle stilling, i samsvar med rammene for den einskilde tenesta. For dei andre vigsle tenestene er desse føringane meir generelle og viser til dei planane og programma som fastsett for høvesvis diakon, kateket og kantor. For prestar er føringane meir detaljerte, og dei oppgåvene som er lista opp, fyller det meste av arbeidstida til presten. Men det vil vere opp til soknerådet å leggje planer for verksemda i soknet, og med den endringa som Kyrkjerådet føreslår, vil prestane i soknet på ein tydelegare måte enn før måtte planleggje gjeremåla sine i tråd med føringane frå soknerådet. Soknepresten har også sete i soknerådet og deltek dermed direkte i styring og planarbeid i rådet.

Kyrkjerådet foreslo i høyningsnotatet at det blir lagt til eit nytt andre ledd i *tjenesteordning med kvalifikasjonskrav for menighetsprester* § 2, med følgjande ordlyd:

Presten er forpliktet på de planene og prioriteringene menighetsrådet fastsetter, innenfor rammen av de gjøremålene som er nevnt i første ledd.

Noverande andre til fjerde ledd blir nytt tredje til femte ledd.

Med ei slik regulering vil rolla til prosten og bispedømerådet bli om lag lik den som kyrkjeverja og fellesrådet har når det gjeld dei tilsette som har soknet som arbeidsgivar. Ettersom det er prosten som leier prestetenesta lokalt, vil prosten si arbeidsplanlegging for prestane ta tilbørleg omsyn til soknerådet sine planar og prioriteringar. Både for prestane og dei andre vigsla tilsette vil dessutan biskopens tilsyn sette rammer for tenesta som også påverkar tilhøvet til soknerådet.

I dag står det i tenesteordninga § 2 første ledd at «annet menighetsbyggende arbeid» skal utførast i samråd med soknerådet. Ettersom ein må legge til grunn at alt arbeid skal skje i samråd med rådet, føreslo Kyrkjerådet i høyningsnotatet å stryke desse orda.

Kyrkjerådet føreslo etter dette følgjande endringar i *tjenesteordning med kvalifikasjonskrav for menighetsprester* § 2 første og andre ledd:

§ 2. Presten skal forvalte Ord og sakrament slik at kristen tro og kristent liv fremmes i menighetene ved å

- a) holde forordnede gudstjenester og forrette kirkelige handlinger,
- b) utføre dåps- og konfirmasjonsopplæring,
- c) utøve sjelersorg og veiledning, gå med dødsbud, reise i soknebud og også ellers besøke syke og
- d) utføre forkynnararbeid og i samråd med menighetsrådet annet menighetsbyggende arbeid.

Presten er forpliktet på de planer og prioriteringer menighetsrådet fastsetter innenfor rammen av de gjøremålene som er nevnt i første ledd.

Endringar i § 10 andre ledd:

Soknepresten leder prestetjenesten i det eller de sokn denne har som sitt særskilte arbeidsområde og sørger for den nødvendige samordning med menighetsrådets virksomhet. I forvaltningen av Ord og sakrament utøver alle menighetsprester et pastoralt lederansvar og bidrar til strategisk og åndelig ledelse i og av menigheten.

Høyringa

Av dei 132 som har svart på dette spørsmålet støttar 94 forslaget om ei ny føresegning om tilhøve mellom prestar og soknerådet. Eit sokneråd skriv til dømes at når Kyrkjemøtet har vedteke at lokalkyrkja skal utviklast vidare basert på dagens todelte

arbeidsgjevarorganisering, men med vekt på samleiing og samarbeid på tvers av arbeidsgjevarlinjene, synest vi det er naturleg at prestane forpliktar seg til soknerådet sine planar i den delen av stillinga si som ikkje er fylt opp av presten sine ordinære gjeremål etter tenesteordninga.

Blant dei som er i mot forslaget skriv til dømes Hamar biskop at soknerådet ikkje kan overstyra tenesta med Ord og sakrament og at dette kan kome i konflikt med arbeidsgjevarens styringsrett og prestanes sjølvstende. Enkelte meiner òg at endringa kan avgrensa prosten og biskopen si leiing av prestetenesta.

Nokre sokneråd og prestar som privatpersonar peiker på at endringa inneber meir enn ei stadfesting av dei gjeldande forholda og vil gripe inn i sjølvstende til presten og endre relasjonen til soknerådet.

Det er òg i denne saka fleire som ynskjer at føresegna skal tas inn, men at det må gjerast endringar i ordlyden. Om lag en tredel av sokneråda og fellesråda er ikkje samd i utforminga av føresegna.

Presteforeningen uttrykker at dei kan støtte endringa om soknerådets planar dersom føresegna om «samordning» i § 10 ikkje vert fjerna.

Enkelte har peika på at det er uklart kva endringa i § 10 vil innebere. Nokon uttrykker at ei slik endring kan skape uvisse om at presten framleis skal kunne prioritere sine helt spesielle oppgåver. Fleire meiner at det er viktig at samordninga mellom verksemda til presten og soknerådet framleis står klart i føresegna.

Til dømes skriv Oslo bispedømmeråd i sitt svar: «Det må sikres et rom for samordning der både prestetjenestens særlege oppgaver og soknets prioriteringer kan ivaretas.» Bispedømerådet foreslår at ordlyden skal endrast til:

Soknepresten leder prestetjenesten i det eller de sokn denne har som sitt særskilte arbeidsområde og sørger for den nødvendige samordning med *menighetens øvrige virksomhet* menighetsrådets virksomhet.

Kyrkjearådets vurdering og forslag

Oppgåvene til presten samsvarar langt på veg med ansvarsområdet til soknerådet. I praksis vil prestetenesta og soknerådet si verksemnd dei aller fleste stader vere integrert i kvarandre på ein saumlaus måte, men prestane har ein annan arbeidsgivar enn dei andre som arbeider i soknet, noko som gir eit stadig behov for samordning. Forslaget frå Kyrkjearådet vil bidra til å fjerne skiljet mellom prestetenesta og verksemda til soknerådet. Dette skiljet har historiske årsaker og er også synleg gjennom at prestane har ein annan arbeidsgivar enn dei andre som arbeider i soknet. Det er slik Kyrkjearådet ser det ikkje grunn for den uroa enkelte av høyringane gir uttrykk for når det gjeld dette.

Forslaget vil ikkje endre tilhøvet mellom prestetenesta og verksemda til soknerådet, men er meint å styrke og synleggjere soknerådet som styringsorganet for soknet.

Difor bør det vere tydeleg at prestar som arbeider i soknet, blir forplikta på dei planane og prioriteringane som soknerådet fastset, på lik line med dei tilsette som har soknet som arbeidsgivar.

Ei slik føresegn betyr ikkje at prestane og prestetenesta fullt ut skal innordnast i styringa til soknerådet. Soknerådet er bunde til å utnytte dei personalressursane som finst hos dei som er i vigsla stilling, i samsvar med rammene for den einskilde tenesta. For prestar er føringane i tenesteordninga detaljerte, og dei oppgåvene som er lista opp, fyller det meste av arbeidstida til presten. Det som blir fremma i denne saka grip ikkje inn i den fridomen prestane har til sjølve å fylle rolla si i tråd med dei reglane og instruksane som ligg føre. Men det vil vere opp til soknerådet å leggje planar for verksemda i soknet. Til dømes kan soknerådet fastsetje planar for gudstenester i soknet, og eit omfattande konfirmantopplegg, utan at det grip inn i, eller står i vegen for presten sitt ansvar for å halde gudsteneste og gjennomføre konfirmantundervisning slik det står i tenesteordninga. Målet med endringa i forslaget er at prestane i soknet på ein tydelegare måte enn før må planleggje gjeremåla sine i tråd med føringane frå soknerådet.

Kyrkjerådet merkar seg at mange av dei innvendingane som har kome fram i høyringa gir uttrykk for ein uro for at det skal vere uvisse om tilhøvet mellom prestens og soknerådets ansvar. Kyrkjerådet meiner at det er klart at forslaget ikkje gjer endringar i ansvarsfordelinga, men tydeleggjer felles ansvar for leiing og samarbeid som skal og må skje i soknet. Tilhøvet til dei kyrkjelege fellesråda vert heller ikkje endra. Forslaget gir ikkje sokneråda eller dei kyrkjelege fellesråda større rett til å gipe inn i utøvinga av arbeidsgivarrolla som ligg hos prosten og biskopen.

Kyrkjerådet tilrår derfor at Kyrkjemøtet vedtar det forslaget om styringstenesta og om at presten er forplikta på soknerådets planer som var sendt på høyring.

I føresegna i tenesteordninga § 10 andre ledd om samordning tilråd Kyrkjerådet at Kyrkjemøtet vedtek den formuleringa som blant anna Oslo bispedømeråd har føreslege.

Kyrkjerådet tilrår at endringane trer i frå 1. januar 2026.

3 Endringar i reglar om suppleringsval til Kyrkjerådet

Kyrkjemøtet 2024 valte nytt Kyrkjeråd for perioden 2024–2028. Valet skjedde på grunnlag av eit avtaleval etter forhandlingar mellom Åpen folkekirke, Bønnelista, Frimodig kirke og representantar for medlemmene valt på nominasjonskomiteanes lister. I sluttprotokollen frå avtalen blei det tatt opp eit behov for justering av regler for val av Kyrkjerådet:

Det er enighet om at det på Kirkemøtet 2025 bør gjøres en justering av § 5-4 i Regler for valg av kirkeråd slik at suppleringsvalg kan gjennomføres som avtalevalg. Det bør også fastsettes at dersom et medlem går ut av rådet på

permanent basis, skal nytt medlem velges ved suppleringsvalg på førstkomende kirkemøte. Intensjonen med dette forslaget er å sikre at fordelingen mellom de ulike grupperingene i Kirkerådet opprettholdes.

Kyrkjerådet har vurdert nærmare korleis forslaget kan følgjast opp gjennom regelendringar. Forslaget om at suppleringsval kan gjennomførast som avtaleval kan gjerast gjennom endring av *regler for valg av Kirkerådet* § 5-4. Forslaget om at Kyrkjemøtet skal velje eit nytt medlem gjennom suppleringsval på fyrstkommande samling, dersom eit medlem trer endeleg ut av Kirkerådet, kan gjerast gjennom endring i *kirkeordning for Den norske kirke* § 29 annet ledd og eit nytt føresegn i *regler for valg av Kirkerådet* § 5-5. I lys av dette føreslår Kyrkjerådet disse regelendringane:

I *regler for valg av Kirkerådet* blir følgjande endringar gjort:

§ 5-4 annet til fjerde ledd skal lyde:

Ved nyvalg i valgperioden kan Kirkemøtet med 2/3 flertall vedta at valg av de leke medlemmene *og varamedlemmene* til Kirkerådet, utenom leder, skal foregå som avtalevalg. Valgkomiteen ber Kirkemøtets medlemmer om å fremme forslag til kandidater til flertallsvalg innen en frist.

Ved suppleringsvalg i valgperioden kan Kirkemøtet med 2/3 flertall vedta at valg av de leke medlemmene og varamedlemmene til Kirkerådet, utenom leder, skal foregå som avtalevalg. Valgkomiteen ber Kirkemøtets medlemmer om å fremme forslag til kandidater til flertallsvalg innen en frist.

Ved suppleringsvalg i valgperioden *til flertallsvalg* skal valgkomiteen fremme forslag på en til to kandidater til den plassen som står ubesatt. Gjelder det valg av prest eller lek kirkelig tilsatt, anses alle prester og leke kirkelig tilsatte å være kandidater, jf. § 4-1 tredje ledd.

§ 5-4 femte ledd opphevast.

Ny § 5-5 skal lyde:

§ 5-5. Opprykk ved uttreden

Hvis medlemmer av Kirkerådet trer endelig ut, og de er valgt ved flertallsvalg, skal varamedlemmer tre inn i den nummerorden de er valgt. Hvis medlemmer av Kirkerådet trer endelig ut, og de er valgt ved avtalevalg, skal det velges et nytt medlem på Kirkemøtets neste samling. Tilsvarende gjelder for varamedlemmer.

Gjeldande §§ 5-5 og 5-6 blir ny §§ 5-6 og 5-7.

I *kirkeordning for Den norske kirke* blir følgjande endringar gjort:

§ 29 annet ledd skal lyde:

Reglene i § 10 *første til femte ledd* gjelder tilsvarende for Kirkerådet.

Kyrkjerådets vurdering og forslag

Dette spørsmålet har ikkje vore ein del av høyringa. Forslaget handlar om valet av Kyrkjerådet, som Kyrkjemøtet er ansvarleg for å gjennomføre. Representantar frå dei registrerte nomineringsgruppene og for dei som er valde medlemmer frå nominasjonskomiteaneas lister, har allereie uttalt seg om forslaget. I lys av dette, vurderer Kyrkjerådet at høyring ikkje er nødvendig, da det må vurderast som openbart unødvendig, jf. § forvaltningsloven § 37 fjerde ledd bokstav c, jf. kyrkjeordninga § 42 første ledd.

Det har i fleire samanhengar vore uttrykt kritikk av omgrepa «lek» og «lek kirkelig tilsatt». Kyrkjerådet vil i samband med saka om val til Kyrkjemøtet i 2026 føreslå nye namn på desse kategoriene. Det vil få betydning også for dette regelverket.

Kyrkjerådet tilrår at Kyrkjemøtet vedtar endringane slik dei er foreslått. Kyrkjerådet tilrår at endringane trer i kraft straks.

Økonomiske/administrative konsekvensar

Ingen av forslaga har direkte økonomiske eller administrative konsekvensar.